

EIN GARD BLIR BORTE

Av Helge Husby



At gardar og gardshus vart borte, var ikkje så uvanleg før i tida. Men gardar vart òg til. Det starta med ein einbølt gard, der eldste sonen tok over, og dei andre kunne få tildelt jord av garden og bygde opp ein ny gard. Slik vart det Negarden, Oppigarden osv. Etter at åseteslova kom, fekk odelsguten rett til å ta over heile det udelte bruket, og det vart mindre med garddeling. Men gardar kunne òg bli sammenslegne, og husa på den eine garden flytta eller seld.

I tida frå siste del av 1800-talet til ut på 1900-talet vart det stor endring på gardar og gardstun. Det var utskifting av innmark og utmark, og heile tun vart flytta og kunne få nye namn.

Da garden Lauvvikja mellom Bergem og Tingvollvågen vart jamna med jorda på 1970-talet, følte eg at eg opplevde noko historisk. Det var rart at husa hass Johan Lauvvikjen, der eg hadde fore og seld julhefte og elles vore på besøk, var borte. Alt var jamna med jorda, berre nokre av frukttrea hans Johan står att nedi ekkerkanten.

Garden Vollan i Kjervikja er ein annan gard som har vore med på deling i eldre tider, der jorda er komme sammen med nabogarden att. Nabogarden Pestua er òg sammenføydd med denne nabogarden. Såleis var ringen slutta før gardshusa måtte vike for den nye tunnelen som er under bygging under Eikremsgardane.

Eg tykkjer det er viktig at det for ettertida finst eit enkelt skrift som fortel om folka og garden fram til husa blir borte.